

Rotary kulturprisvinnar

1985

Jon Remme



Jon Remme var fødd på Haramsøy 14.10.1910 der han voks opp og budde. Han var den nest eldste av ein syskenflokk på 9. Han gjekk bort 24.11.1998

Jon Remme viste tidleg gode evner for musikk, men hadde ikkje formell utdanning innanfor musikk. Etter konfirmasjonen byrja han på sjøen, men det var ikkje dette som passa han best. Han vart tilset ved Vestre Orgelfabrikk i 1930 som orgelstemmer. Der arbeidde han i 40 år. Norges Vel Medalje for lang og tro teneste fekk han tildelt i 1963. I 1970 vart han tilsett som organist på Haram fastland.

I 1985 fekk Jon Remme, Brattvåg Rotary sin kulturpris for sin store innsats for sang og musikklivet i kommunen. Speisielt har han vore engasjert i musikklivet i lokalmiljøet der han har lagt ned eit stor arbeid. Han var organist i Haram kyrkje. Han var innstruktor og dirigent for Austnes Guttemusikkkorps. Dette vart seinare Haramsøy Skulemusikkorps. Her la han ned eit banebrytande arbeid som tente gnisten at det etter kvart vart eit skulekorps i kvar skulekrins.

Juryen sin kjennelse for kulturprisen:

Jon Remme fyller til overmål dei krav som er sett til kvalifikasjon for kandidat til kulturpris. I heile sitt vaksne liv, i ein heil mannsalder, har han vore både pott og panne og den sjølvskrevne leiar for alt som heiter song- og musikkliv på Haramsøy.

Dei fleste i kommunen kjenner han som ein dyktig organist i fleire av kyrkjene i kommunen.

Orgelet har han hatt spesiell tilknytning til då han i alle år som tilsett ved orgelfabrikken, var ein av dei som sytte for at dei instrumenta som vart sende ut derfrå var velklingande og velstemte. Kulturprisen får han for det arbeidet han har lagt ned på frivillig, uløna basis, med korsong og musikk i kommunen og spesielt i heimbygda. Austnes misjons kor har han arbeidt med og leia i ein mannsalder, og dette driv han med framleis. Vi hugsar også Vatne kyrkjekor frå den seinare tid, der han også la ned eit stort arbeid. Han har også alltid vore den sjølvskrevne "akkonagnatør", den som sytte for tonefølgje på piano eller orgel til den unisone songen på alle dei samkomer der han hadde høve til å ta del.

Men det som talde mest for juryen (styret i Brattvåg rotaryklubb) var det arbeidet han la ned for skulemusikken på Haramsøy. Resultatet av dette arbeidet gav ringverknad til alle andre skulekrinsar i kommunen. Dette arbeide tok han fatt på i ei tid då janitsjarmusikken var eit så og seia ukjent omgrep mellom born i vår kommune. Skulen var den første tid ikkje inne i biletet på anna måte enn at alle deltakarar i korpset var rekruttert frå folkeskulen. Korpset vart seinare omdøyppt frå Austnes Guttemusikkorps til Haramsøy Skulemusikk og Jon Remme var framleis leiar i fleire år, til skulen sjølv seinare fekk kvalifisert folk til å overta. Han gav då frå seg roret i den tru og von at ein god begynnelse er halv fullendt. For han var det ikkje hovudsaka å hauste ære og handtere eit intrument. Det var til glede både for seg sjølv og andre og få forståing for den gode musikken.

Ein kan sjølv sagt ikkje vere sikker på at det som har skjedd innan skulemusikken i vår kommune ikkje ville ha skjedd utan Jon Remme sitt banebrytande arbeid, men det var han som tende gleisten i ei musikkfattig tid. I dag har vi eit skulekorps i kvar skulekrins i kommunen, med ymse avgreiningar til juniorkorps og ymse solomusikkarar og grupper. Om ikkje Jon Remme skal ha all ære for dette, kjem ein ikkje frå at hans arbeid har hatt medverkande årsak.

Kulturprisen er ikkje meint som betaling for dette banebrytande arbeidet, som ikkje kan omsetjast i pengar, men som eit bevis på at arbeidet han har gjort er blitt lagt merke til og at det er sett pris på av sambygdingar og andre borgarar og kommunen.

Prisen vart utdelt i samband med kulturkveld på "Våghall" 21.03.1985

Festprogrammet opna med song av Brattvåg Songarlag, dir. Per Sunde. Deretter heldt Birger Neergård eit engasjert og humoristisk kåseri med utgangspunkt i vårjamndøger 21. mars. Olga Aaksnes song to solonummer til tonefølgje på piano av Jon Remme. Presidenten Leif Sønderland overleverte pris, diplom og blomsterbukett medan festlyden reiste seg å applauderte. Det vart då ein alsong og deretter gav Vatne Songarlag ei avdeling populære songnummer. dir. Johan Fremmerli. Karl Aakre las deretter dikt frå boka "Småkraftverk". Ungjenta Bente Emma Austnes framførte så tre klassiske musikkstykker på tverrfløyte til tonefylgje av Jon Remme. Brattvåg Songarlag avsluttar deretter programmet med ei lettare avdeling korsongar.